



# Uttale – husbankfinansieringa

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Høyanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har i møtet 28. oktober 2022 vedteke følgjande uttale til statsbudsjettet:

## Bakgrunn

Kommunane i Sogn regionråd ser på dei føreslegne endringane for Husbanken sine rammer som svært problematiske. Særleg bygging av utleigebustadar, sjukeheimar og omsorgsbustadar har vore eit område der kommunane har teke eit stort ansvar på vegne av fellesskapet for å møte både utfordringane knytt til demografi for omsorgsbustadane, og for å kunne bidra til fellesskapet sitt ansvar for å ta i mot flyktingar. Denne gjensidige forpliktinga om viktige oppgåver for storsamfunnet har vore løyst på ein god måte ved hjelp av føreseielege ordningar gjennom Husbanken sidan 2008. Det har skapt stabilitet, og gjeve grunnlag for at kommunane kan gjennomføre investeringar og legge planar for å skape gode løysingar på vegne av fellesskapet.

## Investeringstilskot til omsorgsbustadar og sjukeheimar

Fleire av kommunane i Sogn er i planleggings- og prosjekteringsfasen for nye omsorgsbustadar og sjukeheimar. Sjølv om dette er føreslått som ein midlertidig stans, vil det skape betydeleg usikkerheit for dei prosjekta som er i gang. Kommunane i Sogn regionråd oppfattar dette som eit klart tillitsbrot på den kontrakten som har lagt til grunn mellom kommunane og staten i arbeidet med å legge til rette for gode omsorgstenester for ei demografigruppe i rask vekst. Det vert også oppfatta å vere i strid med Hurdalsplattformen si formulering: «*Regjeringa vil sørge for investeringstilskudd til kommuner for å sikre tilstrekkelig med sykehjemsplasser, trygghetsboliger og heldøgns omsorgsplasser for de som trenger det.*»

## Utleigebustadar

Kommunane i Sogn regionråd har alle gjort positive vedtak om å ta i mot flyktingar, og har strekt seg langt for å møte IMDI sine oppmodingar. Dette har til dels vore gjort sjølv om det har vore krevjande bustadmarknadar lokalt. Husbankordningane for tilskot til utleigebustadar har vore avgjerande for at ein likevel har kunne løyst dette på ein god måte. For kommunane vil dette vere dramatisk, og det vil særleg råke utsette grupper i samfunnet.

## Konklusjon

Med bakgrunn i dette vert det sterkt oppmoda om at dei omtalte føreslegne endringane i Husbanken sine rammer ikkje vert vedtekne i den endelege handsaminga av statsbudsjettet.

Med helsing

Roy Egil Stadheim  
fungerande leiar Sogn regionråd

*Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift*